

## **Referat møte i språkpolitisk utval (SU) 7. mars 2025**

Stad: Møterom Utsikt, Kommunikasjonsavdelinga, Nygårdsgaten 5

Tid: 7. mars klokka 10

Til stades: Endre Brunstad, Marita Kristiansen, Magnus Vollset, Ingrid W. Solhøy,  
Janne Marie Solheimslid, Ida Bergstrøm (sekretær)

Fråfall: Anna Svingen-Austestad, Rasmus Tennø Loe

### **Dagsorden:**

Sak 1/25: Ingen merknader til innkalling og sakliste

### **Orienteringssaker:**

Sak 2/25: Introduksjon av to nye styremedlemmar: Janne Marie Solheimslid og Magnus Vollset

Sak 3/25: Kort orientering frå formøtet med Benedicte Carlsen

### **Drøftingssaker:**

#### **Sak 4/25: Gjennomgang av mandat for SU**

Mandat for Språkpolitisk utval blei vedteke av universitetsstyret 31.10.2019.

I dialog med Benedicte Carlsen framkom eit behov for gjennomgang av mandat for utvalet. Det er ønska ei klargjering av kva som skal vere det overordna siktemålet med arbeidet til utvalet og kva leiinga treng at utvalet skal levere.

Utvalsleiar gjorde greie for bakgrunn for behov for revidering av mandatet. Utvalet diskuterte mål og arbeidsform for gjennomgangen.

Siktemålet med revideringa er å sikre at utvalet sitt arbeid støttar leiinga i språkpolitiske spørsmål som påverkar organisasjonen.

Leiar og sekretær vil etter dialog med kontaktperson i rektoratet kome tilbake til utvalet med ei skisse for prosessen.

#### **Sak 5/24: Gjennomgang av språkpolitiske retningslinjer for UiB**

Språkpolitiske retningslinjer blei vedtekne 31.10.2019.

I dialog med Benedicte Carlsen har det framkome ei behov for gjennomgang av retningslinjene i løpet av 2025.

Det er ønskeleg at ein gjennomgår retningslinjene særleg med tanke på dei nye språkkrava.

Utvalsleiar og sekretær noterer innspel frå utvalet, og vil etter dialog med kontaktperson i rektoratet kome tilbake med ei skisse for prosessen.